



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

St.prp. nr. 68

(2000-2001)

**Budsjettkonsekvensar for 2001 knytta
til gjennomføring av tilrødde tiltak i
St.prp. nr. 36 (2000-2001) Eierskap i
Statoil og fremtidig forvaltning av
SDØE**

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet av 6. april 2001,
godkjend i statsråd same dagen.*

1 Innleiing

Den 15. desember 2000 la regjeringa fram si tilråding til vidareutvikling av det statlege engasjementet i petroleumsverksemda i *St.prp. nr. 36 (2000-2001) Eierskap i Statoil og fremtidig forvaltning av SDØE*. Regjeringa tilrår i den proposisjonen mellom anna:

- endring av eigarstrukturen i Statoil og børsnøtering av selskapet,
- restrukturering av SDØE (sal av utvalde eigardelar til Statoil, Norsk Hydro og andre),
- ny ordning for ivaretaking av SDØE - oppretting av eit nytt selskap som skal forvalta SDØE-porteføljen,
- oppretting av eit nytt selskap for transport av naturgass.

På tidspunktet for framlegginga av proposisjonen var det ikkje mogleg å seia kor store utgifter og inntekter tilrådingane ville medføra. Regjeringa informerte om at budsjettkonsekvensane ville verta lagt fram for Stortinget når desse var nærare avklarte tidleg i 2001.

Regjeringa la 19. januar fram *St.prp. nr. 40 (2000-2001) Om løyving for 2001 knytt til førebuing av tilrådde tiltak i St.prp. nr. 36 (2000-2001) Eierskap i Statoil og fremtidig forvaltning av SDØE*. I den proposisjonen ba regjeringa om ei løyving på 135 mill. kroner for å dekkja utgifter til førebuing av dei tilrådde tiltaka i St.prp. nr. 36, inkludert utgifter til eigne rådgjevarar og utgifter knytta til førebuing og sal av SDØE-eigardelar. Stortinget godkjende denne løyvinga 27. februar 2001, jf. Innst.S. nr. 118 (2000-2001).

Det vart i St.prp. nr. 40 informert om at budsjettkonsekvensane knytta til sjølve opprettinga og drifta av det nye selskapet som skal forvalta SDØE-porteføljen, utgifter til opprettinga av det nye selskapet for transport av naturgass, inntekter frå sal av SDØE-eigardelar og utgifter og inntekter i samband med aksjesal i og børsnøtering av Statoil, skulle leggjast fram for Stortinget på eit seinare tidspunkt.

Kor mykje av SDØE-porteføljen som skal seljast og kor stort aksjesal i Statoil som skal gjennomførast, har stor innverknad på utgiftene og inntektene til staten. Nokre avgjerder bør dessutan takast nærare opp mot tidspunkta for transaksjonane. Det er difor framleis ikkje mogleg å talfesta eksakt utgiftene og inntektene knytta til tiltaka.

Regjeringa vil i denne proposisjonen informera nærare om førebuing av opprettinga av det nye forvaltarselskapet for SDØE og førebuing av opprettinga av det nye selskapet for transport av naturgass, inkludert budsjettkonsekvensar for 2001. Vidare vert det lagt fram tilråding om bruk av stimuleringsiltak overfor småinvestorar og orientert om førebels vurdering av utgiftene knytta til aksjesal i og børsinntroduksjon av Statoil. I tillegg vert det orientert om prosessen med å førebu sal av SDØE-eigardelar til Statoil.

2 Orientering om det nye forvaltarselskapet for SDØE og det nye transportselskapet for naturgass

I St.prp. nr. 40 vart det ikkje bedt om løyving for utgifter til sjølve opprettinga av det nye forvaltarselskapet for SDØE og det nye transportselskapet for naturgass. Regjeringa vil no informera nærare om dei to selskapa og leggja fram budsjettkonsekvensane for 2001.

2.1 Oppretting og drift av det nye forvaltarselskapet for SDØE

2.1.1 Kort om forvaltarselskapet

I St.prp. nr. 36 (2000-2001) tilrår regjeringa at det vert skipa eit nytt statsaksjeselskap som på eit forretningsmessig grunnlag skal forvalta SDØE-porteføljen i utvinningstillatingar, røyrleidningar og landanlegg staten vil ha eigardelar i. I *Ot.prp. nr. 48 (2000-2001) Om lov om endring i lov 29. november 1996 nr. 72 om petroleumsvirksomhet (forvalterordning for statens direkte økonomiske engasjement)* la Olje- og energidepartementet fram eit forslag til nytt kapittel i petroleumsløva. Lovforslaget vart fremja i tilknytning til forslaget i St.prp. nr. 36 (2000-2001) om oppretting av eit forvaltarselskap for SDØE-porteføljen.

Forvaltarselskapet for SDØE-porteføljen skal sikra ei best mogleg forvaltning av olje- og gassressursane og høgast mogleg verdiskaping for staten. Ein føresetnad for forvaltarselskapet er at det skal utføra oppgåvene utan å byggja opp like omfattande kompetanse som eit tradisjonelt oljeselskap på alle område.

Forvaltarselskapet kan nytta forretningsførarar og rådgjevarar i verksemda. Målsetjinga er i størst mogleg grad å nytta kompetansen som finst i eksisterande organisasjonar framfor å byggja opp nye kompetansmiljø. Sentrale oppgåver for forvaltarselskapet vil vera:

- oppfølging av staten sine eigardelar i dei einskilde lisensane og samla for heile porteføljen, samt å vurdera tilpassingar i porteføljen (kjøp, sal, bytte)
- ansvar for og overvaking av avsetnadsordninga for staten sin petroleum
- rekneskap og likviditetsstyring

Forvaltarselskapet har i tillegg behov for støttefunksjonar som til dømes finansfunksjon, budsjett, forsikring, arkiv og EDB system.

Gitt føresetnadene for arbeidsoppgåvene til forvaltarselskapet har departementet kome til at selskapet bør kunne løysa arbeidsoppgåvene med om lag 40-60 tilsette. Selskapet vil i all hovudsak trenga personell med høgare utdanning og brei bransjeerfaring. Forvaltarselskapet for SDØE skal ikkje sjølv ha inntekter eller utgifter knytta til verksemda. Som i dag vert dei kanaliserte direkte til og frå staten. Vidare vert det i *Ot.prp. nr. 48 (2000-2001)* føreslått lovfesta at staten garanterer for selskapet. Det er difor tilstrekkeleg at forvaltarselskapet får ein aksjekapital på 10 mill. kroner

I *Ot.prp. nr. 48 (2000-2001)* vert det også føreslått at selskapet ikkje får høve til å ta opp lån utan samtykke frå Stortinget. I nokre tilhøve kan forvaltarselskapet mellombels få likviditetsbehov ut over midlane som vert løyvde av

Stortinget. Finansiell eksponering kan oppstå som følge av finansiering av investeringar knytta til drifta eller eventuell ubalanse med omsyn til dei likvide midlane knytta til drifta av selskapet. For å unngå likviditetsproblem bør forvaltarselskapet få ei låneramme på 10 mill. kroner, slik at det får høve til å skaffa seg ein kassakreditt.

2.1.2 Plan for etablering

Forvaltarselskapet vert etablert etter at Stortinget har gjort vedtak om etablering. Dette vil vera før delprivatiseringa av Statoil. Under føresetnad om vedtak av St.prp. nr. 36 (2000-2001) innan april og at Statoil vert delprivatisert innan juni 2001, er det lagt opp til at forvaltarselskapet skal stå ansvarleg for forvaltninga av SDØE-porteføljen frå 1. juni 2001. Innan 1. juni må det då vera valt eit styre og ein administrerande direktør må vera tilsett. Forvaltarselskapet skal vera i normal drift frå 1. januar 2002 og vil i perioden frå 1. juni til 31. desember 2001 vera under oppbygging. Styret og administrerande direktør vil vera ansvarleg for å rekruttera personell slik at selskapet kan vera i normal drift frå 1. januar 2002. Forvaltarselskapet er venta å ha om lag 20 tilsette ved utgangen av 2001.

I oppbyggingsperioden vert det føresett at forvaltarselskapet inngår ein avtale med Statoil om overgangsordningar. Ein slik avtale vil kunne sikra kontinuitet i forvaltninga av SDØE-eigardelane og at sentrale oppgåver for forvaltarselskapet vert utført. Det vert lagt til grunn at Statoil får økonomisk vederlag for desse tenestene. Overgangsordningane vert fasa gradvis ut i takt med tilsetjing av personell og oppbygging av forvaltarselskapet.

I dei første månadane etter etablering vil selskapet bestå av styret, administrerande direktør og eventuelt andre nøkkelpersonar. Dette krev at verksemda til forvaltarselskapet i stor grad vert driven av innleigd personell, men der styret og administrerande direktør har ansvaret for drifta. Selskapet baserer verksemda på overgangsordningane med Statoil og innleige av konsulentar. Det kan vera aktuelt for selskapet å leiga konsulentar til mellom anna rekruttering av personell, teknisk oppfølging og rådgjeving og økonomisk rådgjeving. Det er usikkert kor stort behovet for innleige av personell og konsulentar vil vera.

2.1.3 Budsjettkonsekvensar for 2001

Forvaltarselskapet må i 2001 dekkja utgifter til innleige av konsulentar og utgifter knytta til avtale med Statoil. I tillegg kjem utgifter knytta til personell som vert tilsett i forvaltarselskapet i løpet av hausten 2001. Vidare må forvaltarselskapet skaffa seg kontorlokale. Det vil mellom anna innebera kostnader å tilpassa kontorlokalet til forvaltarselskapet sitt behov.

Det er knytta uvisse til kor stort budsjett forvaltarselskapet har behov for i 2001. Uvisse er først og fremst knytta til kor raskt forvaltarselskapet vert bygd opp og omfanget av tenester og konsulentoppdrag selskapet har behov for å kjøpa.

På bakgrunn av førebels vurderingar og føresetnader er utgiftene til forvaltarselskapet estimert til 50 mill. kroner for 2001. Inkludert i desse utgiftene er eige personell, innleige av konsulentar, kjøp av tenester, overgangsordningar som vert kjøpt av Statoil og diverse etableringskostnader.

Regjeringa tilrår at det for 2001 vert løyvt 50 mill. kroner til etablering og drift av forvaltarselskapet for SDØE. Vidare ber ein om ei løyving på 10 mill. kroner som skal tilførast forvaltarselskapet som eigenkapital.

I tillegg tilrår regjeringa at forvaltarselskapet får ei låneramme på 10 mill. kroner, jf. Forslag til vedtak II.

2.2 Oppretting av det nye selskapet for transport av naturgass

I St.prp. nr. 36 (2000-2001) vart det mellom anna gjort greie for bakgrunnen for å etablere eit nytt transportselskap for naturgass.

Regjeringa tilrår at staten etablerer selskapet som eit aksjeselskap, som i utgangspunktet er eigd 100 prosent av staten.

2.2.1 Formålet til transportselskapet

Selskapet skal ha som føremål sjølv, eller gjennom deltaking i eller saman med andre selskap, å operera transportsystemet for gass gjennom rørleidningar på og frå norsk kontinentalsokkel, samt anna verksemd som er knytta til dette. Selskapet skal ikkje engasjera seg i vidareforedling av naturgass eller anna industriell verksemd som går ut over dei behova som er knytta til sjøve transportfunksjonen. Ansvar for slik verksemd skal som før liggja hos oljeselskapa og andre kommersielle aktørar.

Skipinga av selskapet vil ikkje innebera endringar i eigarskapa til rørleidningar eller behandlingsanlegg. Tariffar for bruk av infrastrukturen vert heller ikkje påverka.

2.2.2 Selskapet si verksemd

Det nye selskapet skal overta ansvaret for oppgåver frå noverande operatørar, i samsvar med omtalen i St.prp. nr 36 (2000-2001). Alle delar av gassinfrastrukturen der det er innbyrdes sambinding mellom den einskilde rørleidning eller transporttilknytte behandlingsanlegg og resten av infrastrukturen, vil i utgangspunktet vera omfatta av selskapet si verksemd. På same måten vil rørleidningar eller transportrelaterte behandlingsanlegg vera inkludert under selskapet sitt ansvarsområde der det er, eller vil vera mogleg for, fleire felt som brukarar.

2.2.3 Oppstart av selskapet

I utgangspunktet har dei einskilde interessentskapa eigarskapet til alle eigardelar og fasilitetar som det nye selskapet treng for å utøva verksemda si. Selskapet vil ikkje eiga andre fasilitetar enn dei som er nødvendige for å kunne utføra funksjonane sine.

Det nye selskapet kan trenga fasilitetar på eiga hand, som Statoil i dag gjer tilgjengelege for dei relevante organisasjonseiningane. Dette gjeld for eksempel informasjonsteknologitenester. Slike fasilitetar må det nye selskapet etablere sjølv.

Selskapet vil ha behov for om lag 150 årsverk for å ivareta dei tiltenkte funksjonane. Dette vert no utført av personar som er tilsette i Statoil. Desse

personane får difor tilbod om tilsvarande arbeid i det nye selskapet. Overføring av personell vil skje i samsvar med arbeidsmiljølova sine vilkår.

Dei fleste anlegg og terminalar som vert omfatta av transportselskapet si verksemd, jf. St.prp. nr. 36 (2000-2001) tabell 9.1 på s. 77, er organisert som interessentskap. Interessentskapa er regulert i eigne eigaravtalar. Transportselskapet skal gå inn i operatørrolla i desse eigaravtalane.

2.2.4 Kapitalbehov og finansiering

Driftskapital

Det er teke utgangspunkt i at operatørselskapet, på vegne av alle transportsystema for gass og tilhøyrande terminalar, får dekt utgiftene sine gjennom kontantinnkallingar, «cash calls», frå eigarane i dei einskilde interessentskapa. Operatørselskapet kallar inn midlar frå eigarane i dei einskilde interessentskapa til å dekkja dei totale utgiftene pr. måned. Det er venta at driftskostnadene vil vera stabile frå måned til måned. Ved over- eller underinnkallingar vert eigarane godskrive eller belasta renter. Inn- og utbetalingar knytta til tariffinntekter (skipar og eigar) vert gjort opp på same dato og får følgjeleg ikkje kontanteffekt.

Selskapet vil ha behov for kassakreditt. Kassakreditten vil kunne nyttast mellom anna ved for lite innkalla midlar. Det vil vera opp til selskapet sjølv å sørgja for ein høveleg kassakreditt.

Kostnadsallokering

Hovudprinsippet for kostnadsallokering er, i samsvar med deltakaravtalane i interessentskapa, at kostnader så sant det er mogleg skal allokeraast direkte mot det einskilde interessentskapet. Dette vil vera hovudprinsippet også etter at transportselskapet er oppretta.

Ved arbeid direkte mot eit spesifikt interessentskap vert vedkomande interessentskap belasta kostnadane. I tillegg må indirekte kostnader fordelast etter same nøkkel som dei direkte kostnadane.

Indirekte kostnader vil vera kostnader som det ikkje er naturleg å belasta spesifikke interessentskap. Det er venta at fasilitetsleige for bygningar og utstyr vert rekna ut frå gjeldande metode; kapitalelement og driftskostnadselement.

Eigenkapitalbehov

Transportselskapet vil få sine driftsmidlar frå interessentskapa. Selskapet vil likevel trenga noko kapital, og det vil vera naturleg at det er i form av aksjekapital og ikkje lån frå klientane.

Som operatør, vil selskapet ha behov for å investera i driftsmidlar - eventuelt leiga desse - og vil ha behov for arbeidskapital for å ivareta driftsoppgåvene relatert til transportsystema. Behovet for investeringar i driftsmidlar er venta å vera lite.

Tenestene utført av selskapet skal vera kostnadsbaserte, det vil seia at samtlege kostnader er venta utfakturert til interessentskapa utan at det vert rekna forteneste. Dette er avtalt i eigaravtalane i dei einskilde interessentskapa.

Sett i lys av selskapet si omsetjing, oppgåver og ansvar er det lagt til grunn at selskapet har eit eigenkapitalbehov på 10 mill. kroner.

2.2.5 Budsjettkonsekvensar for 2001

Regjeringa tilrår at det for 2001 vert løyvt 10 mill. kroner til etablering av transportselskapet for naturgass og at beløpet vert skote inn som eigenkapital i selskapet.

3 Aksjesal og børsnotering av Statoil

Regjeringa tilrår i St.prp. nr. 36 (2000-2001) at det vert teke inn nye eigarar i Statoil som tilsvargar 10-25 prosent av selskapet sin verdi. Det er tilrådd at dette skal skje ved utferding av nye aksjar i Statoil, i kombinasjon med sal av delar av staten sine aksjar, retta mot norske og internasjonale kapitalmarknader.

Med atterhald om Stortinget si godkjenning har Olje- og energidepartementet og Statoil med hjelp frå hovudtilretteleggjarar og rådgjevarar starta førebuingane for eit mogleg aksjesal i og børsintroduksjon av Statoil i juni 2001. Det er ein føresetnad at det nye forvaltarselskapet for SDØE og det nye transportselskapet for naturgass er oppretta før aksjesalet og børsintroduksjonen. Ein føreset og at sal av SDØE-eigardelar til Statoil skjer før børsintroduksjonen.

I St.prp. nr. 36 (2000-2001) kapittel 10.2 vart det kort informert om den vidare prosessen knytta til aksjesal i og børsintroduksjon av Statoil. Eit av spørsmåla som regjeringa ville vurdere nærare var eventuelt bruk av særskilte tiltak i samband med sal av aksjar i selskapet. Regjeringa viser til Innst.S. nr. 198 (2000-2001) frå energi- og miljøkomiteen og vil på bakgrunn av den leggja fram regjeringa si vurdering av bruk av tiltak for å stimulera småinvestorar til kjøp av aksjar i Statoil.

Det er enno ikkje mogleg å seia eksakt kor store utgifter og inntekter aksjesal i Statoil kan innebera. Dette skuldast mellom anna at det ikkje er teke endeleg stilling til omfanget på sal av SDØE-eigardelar til Statoil og kor stor del av selskapet som skal seljast i første fase. Fleire faktorar er dessutan usikre fram mot tidspunktet for transaksjonen, mellom anna verdien av selskapet. Regjeringa vil i denne proposisjonen informera om førebels vurderingar knytta til utgiftene for transaksjonen, herunder fordeling mellom staten og Statoil, og be om fullmakt til å utgiftsføra utgiftene utover løyving og inntektsføra inntektene utan løyving knytta til aksjesalet i Statoil.

3.1 Tiltak for å stimulera småinvestorar

Olje- og energidepartementet og Statoil har med hjelp frå hovudtilretteleggjarane og eigne rådgjevarar vurdert argument for og imot stimuleringsiltak, sett på ulike stimuleringsiltak, samt sett på erfaringar frå andre transaksjonar i Noreg og internasjonalt og vurdert dette i høve til det føreståande aksjesalet i Statoil.

Det er viktig å få ein god aksjonærstruktur i Statoil med ulike investorgrupper, også småinvestorar. Etterspørsel frå småinvestorar i heimemarknaden kan vera ein viktig indikator for institusjonelle investorar både heime og internasjonalt i vurderinga av attraktiviteten av transaksjonen og kor mykje dei vil teikna for.

Dei viktigaste argumenta for stimuleringsiltak overfor småinvestorar er ønskje om å oppnå auka etterspørsel, auka betalingsvilje frå andre investorar og dermed høgare pris for aksjane, sikra ei brei aksjonærbase i selskapet og vera med å sikra langsiktig nasjonalt forankra eigarskap.

Utgiftene knytta til stimuleringsiltaka må vurderast i høve til potensielt auka proveny frå salet. Prosentvis skal det ein liten prisauke til for å dekkja inn utgifter knytta til stimuleringsiltak overfor privatpersonar, og dermed auka staten sine inntekter frå aksjesalet. Det er likevel viktig å understreka at det alltid er knytta uvisse til verknadane av stimuleringsiltak. Sidan aksjekjøparar ikkje utgjør noko gjennomsnitt av befolkninga, går den direkte fordelten av desse stimuleringsiltaka og til ei gruppe som jamt over har god økonomi frå før.

Ved dei aller fleste privatiseringar av statlege selskap, har det vore brukt tiltak for å stimulera småinvestorar si interesse for å kjøpa aksjar. Det har vore vanleg å gi småspararar preferanse ved sjølv aksjetildelinga. Av økonomiske insentiv er rabatt det mest brukte stimuleringsiltaket, men bonusaksjar har og vore mykje brukt, anten aleine eller i kombinasjon med rabatt.

Det har ikkje vore tilbode stimulansar i samband med privatiseringar i Noreg (sett vekk frå preferanse ved tildeling) før delprivatiseringa av Telenor. I samband med emisjonen i Telenor vart småinvestorar tilbode 2 kroner i kontantrabatt og ein bonusaksje for kvar 10. aksje, under gitte vilkår. Det var om lag 54 000 som teikna aksjar i Telenor, av dette om lag 53 000 privatpersonar inkludert tilsette. Sjølv om Telenor og Statoil opererer i to svært ulike bransjar med ulike marknadsmessige og konkurransemessige forhold, er det grunn til å tru at teikninga i Telenor vert brukt som ein målev variabel i høve til delprivatiseringa av Statoil.

I tillegg til preferanse ved tildeling tilrår hovudtilretteleggjarane, departementet sine rådgjevarar og Statoil at det ved aksjesalet i Statoil og vert nytta økonomiske stimuleringsiltak overfor småinvestorar i form av kontantrabatt og bonusaksjar, om lag på line med salet i Telenor. Dette som eit viktig ledd i å oppnå tilfredsstillande etterspørsel etter og dermed god pris for Statoil-aksjane.

Vilkåra for småinvestorar vil også gjelda dei tilsette i Statoil. Kostnader knytta til eventuelle tiltak eller ordningar utover dette vil selskapet måtte bera, i tråd med vanleg praksis.

EØS-reglane inneber at ein ikkje kan gi preferansar eller tilby rabattar eller bonusaksjar berre til norske statsborgarar eller personar busette i Noreg.

I tråd med råd frå hovudtilretteleggjarane og departementet sine rådgjevarar, samt tilråding frå Statoil, tilrår regjeringa at ein legg opp til bruk av stimuleringsiltak i samband med aksjesal i og børsintroduksjon av Statoil. Småinvestorar bør få preferanse ved tildeling og tilbod om kontantrabatt og bonusaksjar under gitte vilkår, om lag på line med aksjesalet i Telenor.

Regjeringa viser til Innst.S. nr. 198 (2000-2001) frå energi- og miljøkomiteen og avsnittet om sal av aksjar til småspararar. Fleirtalet i komiteen understrekar at det er viktig med norske private aksjonærar i Statoil. For å stimulera småspararar til å kjøpa aksjar i Statoil, meiner fleirtalet i komiteen at det er nødvendig med særskilte tiltak, og vil be departementet om å leggja til rette for det.

Regjeringa ber om fullmakt til å bruka stimuleringsiltak overfor småinvestorar i samband med aksjesalet i Statoil, jf. Forslag til vedtak III.

3.2 Fordeling av utgifter og inntekter mellom staten og Statoil

Aksjesal i og børsintroduksjon av Statoil vil innebera vesentlege utgifter både for staten og Statoil. Enkelte utgifter vil staten dekkja åleine, mellom anna utgifter til Olje- og energidepartementet sine egne norske og internasjonale rådgjevarar. Enkelte utgifter vil Statoil dekkja åleine. Dette gjeld mellom anna utgifter til interne førebuingar, selskapet sine rådgjevarar og andre utgifter som det er naturleg at selskapet dekkjer i tilknytning til transaksjonen. I tillegg vil det vera utgifter som skal delast mellom staten og Statoil. Dette gjeld i hovudsak utgifter til provisjon til tilretteleggjarane og andre utgifter knytta til transaksjonen (mellom anna relatert til marknadsføring av aksjesalet, trykking og distribusjon av brosjyrer og prospekt osv).

Regjeringa har tilrådd at den statlege eigardelen i Statoil skal reduserast ved ein kombinasjon av emisjon og sal av delar av staten sine aksjar. Utgifter til provisjon til tilretteleggjarane vil ved ei slik løysing verta delt proratarisk mellom staten og Statoil, i forhold til kor stor del av transaksjonen som vert gjennomført ved emisjon og kor stor del som vert gjennomført ved nedsal, på same måten som delinga av inntektene frå salet. Utgifter knytta til utferding av nye aksjar (emisjon) vert dekt av Statoil og utgifter knytta til statleg sal av aksjar vil staten dekkja. I tillegg vil ein dela andre utgifter knytta til transaksjonen, som mellom anna gjeld utgifter til marknadsføring, trykking og distribusjon.

Kva for utgifter staten og Statoil sjølv skal dekkja og kva for utgifter som skal delast mellom staten og Statoil, er regulert i ein eigen avtale mellom staten ved Olje- og energidepartementet og Statoil. Den endelege fordelinga av utgiftene, og staten sin del av utgiftene, vil først vera klarlagt etter at transaksjonen er gjennomført.

3.3 Utgifter til tilretteleggjarar

Olje- og energidepartementet og Statoil har valt DnB Markets, Morgan Stanley Dean Witter og UBS Warburg som hovudtilretteleggjarar for aksjesal og børsnotering av Statoil. Det er avtalt ein samla provisjon til syndikatet som skal selja aksjar i Statoil på 1,25 prosent med tillegg av ei mogleg stimulansbasert godtgjering på 0,25 prosent. Samla provisjon til syndikatet kan dermed utgjera inntil 1,50 prosent av verdien av salet (provenyet). Ein provisjonssats på 1,50 prosent kan med ulike rekneføresetnader innebera provisjon i storleiken mellom 300 og 800 mill. kroner. Provenyet og dermed også provisjonen vil vera avhengig av kor stor del av selskapet som vert selt i første fase og verdien av selskapet på tidspunktet for transaksjonen.

Provisjonen vil verta utbetalt etter at transaksjonen er gjennomført, vanlegvis om lag ein månad etter gjennomføringa. Utgiftene til provisjon vert ved ein kombinasjon av emisjon og nedsal delt mellom staten og Statoil i forhold til kor stor del av transaksjonen som skjer ved emisjon og kor stor del som er nedsal, på same måten som fordelinga av provenyet frå salet. Dersom det ikkje vert gjennomført eit aksjesal i Statoil, vil det ikkje verta utbetalt provisjon til tilretteleggjarane som har vore med på førebuingane.

3.4 Utgifter til marknadsføring, trykking og distribusjon m.m.

Aksjesal og børsnøtering vil i tillegg til provisjon innebera utgifter til marknadsføring (rådgjeving, informasjons- og reklamemateriale og bruk av ulike media), trykking og distribusjon av brosjyrer og prospekt, presentasjonar osv. Desse utgiftene er av hovudtilretteleggjarane førebels estimert til om lag 200 mill. kroner.

Hovuddelen av desse utgiftene vil vera faste så snart ein har gjort vedtak om opplegg for marknadsføring, distribusjon, korleis aksjar kan seljast og kjøpast og ein har inngått avtalar med nødvendige rådgjevarar og konsulentar og tatt avgjerd om kven som bør få tilsendt brosjyrer, prospekt og teikningsmateriale. Det vert sendt ut informasjon til alle husstandar i Noreg.

Ein del utgifter, mellom anna knytta til teikning og registrering av aksjar, vil vera avhengig av kor mange som teiknar aksjar i selskapet.

Kva utgifter som skal delast mellom staten og Statoil og korleis dette skal gjerast, er regulert i ein eigen avtale mellom staten ved Olje- og energidepartementet og Statoil, som nemnt ovanfor.

3.5 Budsjettkonsekvensar for 2001

Det er ikkje teke endeleg stilling til kor stor del av selskapet som skal seljast i første fase, eller kva SDØE-eigardelar som skal seljast til Statoil og oppgjersform. Det er heller ikkje klart kor stor del av transaksjonen som skal skje ved emisjon og eventuelt kor mykje som skal skje ved nedsal. Det er dessutan uvisst kva verdien av selskapet vil vera på tidspunktet for aksjesalet. Difor er det ikkje mogleg no å gi eit estimat på utgiftene og inntektene knytta til aksjesalet i og børsnøteringa av Statoil og staten sin del av desse utgiftene.

Regjeringa ser utgiftene i samanheng med inntektene av aksjesalet, og vil føreslå at utgiftene ikkje vert dekte inn ved reduksjonar på andre område i budsjettet. Fordi det er stor uvisse om inntektene og utgiftene, vert det ikkje lagt fram forslag om løyvingar. Det vert i staden føreslått at Olje- og energidepartementet får fullmakt til å utgiftsføra utgiftene knytta til aksjesalet i Statoil utover løyvinga for 2001 under kap. 1801 Omstrukturering av staten sitt petroleumsengasjement, post 21 Spesielle Driftsutgifter, jf. Forslag til vedtak IV. Det vert i tillegg føreslått at Olje- og energidepartementet får fullmakt til å inntektsføra inntektene knytta til sal av aksjar i Statoil under nytt kap. 4811 Statoil ASA, post 90 Sal av aksjar, jf. Forslag til vedtak V. Som følge av tilrådinga om aksjesal i og børsnøtering av Statoil er det føreslått at selskapet vert omdanna til allmennaksjeselskap og at namnet på selskapet vert endra frå Den norske stats oljeselskap a.s til Statoil ASA. Ein tilrår difor no å oppretta eit nytt kapittel med det nye namnet på selskapet som nemning.

Stortinget vil verta orientert om utgiftene og inntektene knytta til aksjesalet når desse er nærare avklara i etterkant av transaksjonen.

4 Sal av SDØE-eigardelar til Statoil

I St.prp. nr. 36 (2000-2001) tilrår regjeringa å selja SDØE-eigardelar til Statoil før børsnotering av selskapet. Vidare føreslo regjeringa at Statoil dels skulle betala for SDØE-eigardelar i kontantar og dels at SDØE-eigardelar skulle kunne inngå i selskapet som tingsinnskot.

Departementet har ført innleiande drøftingar med Statoil. Dette som grunnlag for seinare forhandlingar med selskapet. Dette føreset at Stortinget sluttar seg til regjeringa sitt forslag om sal av SDØE-eigardelar til Statoil i samband med handsaming av St.prp. nr. 36 (2000-2001).

Ein eventuell avtale med Statoil vil ha økonomisk effekt frå avtalt verdsetjingsdato for eigardelane, effektiv dato. Eigarrettane til eigardelane vert formelt overførte frå staten til Statoil på ein seinare dato, gjennomføringsdato. Det vil difor verta gjennomført eit pro & contra-oppgjer som dekkjer alle kontantstraumane i perioden frå effektiv dato til gjennomføringsdato. I pro & contra-oppgjeret vil ein ta høgde for alle kontantstraumelementa knytta til dei aktuelle eigardelane i perioden. Dette inneber at netto inntekter i perioden frå effektiv dato til gjennomføringsdato knytta til dei eigardelane som vert overdrege frå staten til Statoil, skal verta tilført Statoil. For dei eigardelane som vert overdrege frå Statoil til staten, skal netto inntekt verta tilført staten. Pro & contra-oppgjeret vil finna stad ei tid etter sjølv gjennomføringa, av praktiske årsaker knytta til utrekning av dette oppgjeret. Budsjettkonsekvensar som følge av overdraginga av deltakardelar og pro & contra-oppgjer, vil verta innarbeida i nye budsjettestimater for SDØE under kap. 2440 og kap. 5440 som vil verta lagt fram for Stortinget i samband med nysalderinga av budsjettet for 2001.

Vederlaget for overdraginga av eigardelane frå staten til Statoil vert delvis gjort opp ved motrekning i mottekne deltakerdelar som vert overført frå Statoil til staten. Resten av vederlaget vert gjort opp med kontantar og ved at staten yter Statoil eit lån. Regjeringa tilrår at lånet vert gitt som ansvarleg lån til Statoil med forfall til betaling ei fastsett periode etter børsintroduksjonen av selskapet. Statoil kan betala ned på det ansvarlege lånet før forfall. Eit ansvarleg lån inneber at staten må vika prioritet for andre kreditorar. Ansvarleg lån er valt fordi dette er den enklaste finansieringsforma å tilpassa til Statoil sine øvrige låneavtalar. Ei slik utsetjing av betalinga for delar av vederlaget, vil medføra at Statoil kan nytta kapital frå den tilrådte emisjonen til oppgjeret for SDØE-eigardelane. Dette vil også forenkle oppgjeret, og redusera talet på transaksjonar.

I perioden frå effektiv dato til oppgjersdato skal det reknast rente på det ansvarlege lånet til vilkår som er på line med Statoil si alternative lånerente i marknaden. Rentene på det ansvarlege lånet vert inntektsført utan løyving under kap. 5685, ny post 81 Renter, ansvarleg lån, jf. Forslag til vedtak VII. Som følge av tilrådinga om aksjesal i og børsnotering av Statoil er det føreslått at selskapet vert omdanna til allmennaksjeselskap og at namnet på selskapet vert endra frå Den norske stats oljeselskap a.s til Statoil ASA. Ein tilrår difor å endra nemninga på kap. 5685 frå Aksjer i Den norske stats oljeselskap a.s til

Aksjer i Statoil ASA. For pro & contra-oppgjeret vil det verte rekna rente basert på dei daglege kontantbalansane frå den dagen den individuelle betalinga fann stad.

Då det ikkje er teke endeleg stilling til omfanget på sal av SDØE-eigardelar til Statoil og endeleg vederlag dermed ikke er kjent, føreslår regjeringa at Olje- og energidepartementet får fullmakt til å yta ansvarleg lån til Statoil avgrensa opp til vederlaget etter motrekning i mottekne deltakerdelar. I tillegg at departementet får fullmakt til å utgiftsføra lånet utan løyving over nytt kap. 1811 Statoil ASA, post 90 Ansvarleg lån og til føring av tilbakebetaling av lånet over nytt kap. 4811 Statoil ASA, post 91 Avdrag, ansvarleg lån, jf. Forslag til vedtak VII.

Stortinget vert informert om inntektene og utgiftene når desse er nærare avklara i etterkant av transaksjonen.

5 Oppsummering

Regjeringa ber om ei løyving for 2001 på 50 mill. kroner til etablering og drift av forvaltarselskapet for SDØE og ei løyving på 10 mill. kroner som skal verta tilført som eigenkapital i selskapet. I tillegg ber regjeringa om at forvaltarselskapet får ei låneramme på 10 mill. kroner, jf. Forslag til vedtak II.

Vidare ber regjeringa om ei løyving for 2001 på 10 mill. kroner til etablering av transportselskapet for naturgass. Midlane skal verta tilført selskapet som eigenkapital.

Regjeringa ber om fullmakt til å leggja opp til bruk av stimuleringstiltak i samband med aksjesal i og børsintroduksjon av Statoil, jf. Forslag til vedtak III. Regjeringa ber dessutan om fullmakt til å utover løyvinga for 2001 å utgiftsføra utgifter knytta til aksjesalet i Statoil, jf. Forslag til vedtak IV. I tillegg ber regjeringa om fullmakt til å inntektsføra utan løyving inntektene frå sal av aksjar i Statoil, jf. Forslag til vedtak V.

I samband med overdraging av eigardelar mellom staten og Statoil ber regjeringa om fullmakt til å inntektsføra inntekter og utgiftsføra utgifter utan løyving knytta til vederlag, jf. Forslag til vedtak VI. Regjeringa ber dessutan om fullmakt til å gi Statoil eit ansvarleg lån i samband med overdraging av eigardelar mellom staten og Statoil og fullmakt til utan løyving å utgiftsføra lånet, samt inntektsføra renter på lånet og føra tilbakebetaling av lånet, jf. Forslag til vedtak VII. Regjeringa legg opp til at inntekter frå sal av SDØE-eigardelar og inntekter frå statleg sal av aksjar i Statoil vert inntektsført Statens petroleumsfond. Sistnemnte krev ei endring i Lov om Statens petroleumsfond.

Stortinget vert informert om inntektene og utgiftene når desse er nærare avklara i etterkant av transaksjonane.

Olje- og energidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om Budsjettkonsekvensar for 2001 knytta til gjennomføring av tilrådte tiltak i St.prp. nr. 36 (2000-2001) Eierskap i Statoil og fremtidig forvaltning av SDØE.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om Budsjettkonsekvensar for 2001 knytta til gjennomføring av tilrådte tiltak i St.prp.nr. 36 (2000-2001) Eierskap i Statoil og fremtidig forvaltning av SDØE i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om Budsjettkonsekvensar for 2001 knytta til gjennomføring av tilrådte tiltak i St.prp. nr. 36 (2000-2001) Eierskap i Statoil og fremtidig forvaltning av SDØE

I

I statsbudsjettet for 2001 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
2443 (nytt)		Forvaltarselskap for SDØE	
	70	Administrasjon	50 000 000
	90	Aksjekapital	10 000 000
2444 (nytt)		Transportelskap for naturgass	
	90	Aksjekapital	10 000 000

II

Stortinget samtykkjer i at det nye forvaltarselskapet for SDØE sjølv kan ta opp lån innanfor ei låneramme på 10 mill. kroner.

III

Stortinget samtykkjer i at Olje- og energidepartementet kan leggja opp til bruk av stimuleringstiltak overfor småinvestorar i samband med aksjesal i og bør-sintroduksjon av Statoil.

IV

Stortinget samtykkjer i at løyvinga under kap. 1801 Omstrukturering av staten sitt petroleumsengasjement, post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overskridast med utgifter i samband med aksjesalet i Statoil.

V

Stortinget samtykkjer i at Olje- og energidepartementet kan inntektsføra utan løyving inntektene frå sal av aksjar i Statoil under nytt kap. 4811 Statoil ASA, post 90 Sal av aksjar.

VI

Stortinget samtykkjer i at Olje- og energidepartementet kan inntektsføra og utgiftsføra utan løyving vederlag i samband med overdraging av eigardelar mellom staten og Statoil under:

- kap. 2440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheten, ny post 31 Kjøp av eigardelar
- kap. 5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheten, ny post 31 Sal av SDØE-eigardelar

VII

Stortinget samtykkjer i at Olje- og energidepartementet kan gi Statoil eit ansvarleg lån i samband med overdraging av eigardelar mellom staten og Statoil. Det ansvarlege lånet vert avgrensa opp til vederlag for overdraging av eigardelar etter motrekning i mottekne deltakardelar. Lånet vert utgiftsført utan løyving over nytt kap. 1811 Statoil ASA, post 90 Ansvarleg lån, og vert tilbakebetalt over nytt kap. 4811 Statoil ASA, post 91 Avdrag, ansvarleg lån. Rentene vert inntektsført utan løyving under kap. 5685 Aksjer i Statoil ASA, ny post 81 Renter, ansvarleg lån.

